



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Sykkylven kommune
Rådhuset, Kyrkjevegen 62
6230 Sykkylven

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
Arild Sunde Rinnan	25.03.2021	2021/6389 - 55358/2021	Rebekka Varne, 71 28 03 51	21.04.2021

Akvakultursøknad om ny lokalitet Bugane i Sykkylven kommune - saksbehandling etter akvakulturlova

Vi viser til oversending av søknad om ny akvakulturlokalitet Bugane i Sykkylven kommune. Sykkylven kommunen har fatta vedtak om dispensasjon frå sin arealplan. Det er klaga på dispensasjonsvedtaket. Kommunen har oppretthalde sitt vedtak, og klaga er no til behandling hos Statsforvaltaren.

Vi viser til at akvakulturlova opnar for at søknadar om løyve til akvakultur kan behandlast sjølv om tiltaket er i strid med arealplanen, så lenge planmyndigheita gir sitt samtykke. Sykkylven kommune har som lokal planmyndigheit fatta vedtak om dispensasjon, og har oppretthalde dette i si klagebehandling.

Møre og Romsdal fylkeskommune ser det som hensiktsmessig at akvakultursøknaden og klagebehandlinga etter plan- og bygningslova blir behandla parallelt. Vi ber Sykkylven kommune legge akvakultursøknaden ut til offentleg høyring, og gi ein uttale om kommunen sine interesser.

Vi gjer merksam på at dersom dispensasjonsvedtaket blir omgjort av Statsforvaltaren vil heller ikkje eit ev. løyve etter akvakulturlova vere gyldig. Vi ber kommunen informere i den offentlege høyringa om at det blir gjennomført ei parallellbehandling av akvakultursøknaden og klagebehandlinga etter plan- og bygningslova.

Med helsing

Birgit Aarønæs
seksjonsleiar

Rebekka Varne
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur